

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010
0030 OSLODato: 01.09.2014
Vår ref.: 2014/17233-5
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:14/107

Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk

Me viser til høyringsbrev frå 30.5.2014 om «Høring. Nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering». Fylkesutvalet i Hordaland handsama 28.8.2014 sak om «Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering», sak PS 192/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.

2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge, jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringssløyve.

3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsheten i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.

4. Fylkesutvalet viser til målet i "Klimaplan for Hordaland" om at 40 % av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.»

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Thorbjørn Aarethun
seksjonsleiarBjørn Inge Midtgård
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/17233-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		20.08.2014
Fylkesutvalet		28.08.2014

Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering

Samandrag

Samferdselsdepartementet har i [brev frå 30.5.2014](#) sendt ut forslag til ny felles parkeringsregulering på høyring. Høyringsforslaget er utarbeida med grunnlag i rapporten «[Ny felles parkeringsregulering?](#)» frå 2006, [høyringa](#) av 2006-rapporten, eit arbeid som er gjort av ei arbeidsgruppe etter høyringa, samt etterfølgjande justeringar frå noverande regjering. Det er utarbeida to høyringsnotat - eit [lovendringsnotat](#) (høyringsnotat 1) og eit notat om [ny felles parkeringsregulering](#) (høyringsnotat 2). Høyringsfristen er 1. september 2014.

Høyringsnotata er på 280 sider. Fylkesrådmannen har her i sakframlegget ikkje presentert og kome med merknader til dei lovtekniske endringane og alle detaljane i høyringsnotata, men vald å fokusera på det han ser på som hovudpunkta i forslaga til nytt parkeringsregelverk. Fylkesrådmannen er positiv til at det no er fremma eit forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el - og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- 1 Høring. Nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering
- 2 Lovendringsnotat - høyringsnotat 1
- 3 Ny felles parkeringsregulering - høyringsnotat 2

Fylkesrådmannen, 04.07.2014

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i [brev frå 30.5.2014](#) sendt ut forslag til ny felles parkeringsregulering på høyring. Høyringsforslaget er utarbeida med grunnlag i rapporten «[Ny felles parkeringsregulering?](#)» frå 2006, [høyringa](#) av 2006-rapporten, eit arbeid som er gjort av ei arbeidsgruppe etter høyringa, samt etterfølgjande justeringar frå noverande regjering. Det er utarbeida to høyringsnotat - eit [lovendringsnotat](#) (høyringsnotat 1) og eit notat om [ny felles parkeringsregulering](#) (høyringsnotat 2). Høyringsfristen er 1. september 2014.

Om høyringsnotata

Høyringsnota er tilsaman på 280 sider. Lovendringsnotatet inneheld forslag til endringar i Vegtrafikkloven og Domstolloven §163a for gjennomføring av felles parkeringsregulering. Det andre høyringsnotatet inneheld forslag til «*Forskrift om vilkårsparkering til allmennheten og håndheving av private parkeringsreguleringer*», «*Forskrift om parkeringsgebyr*» og «*Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede*», samt enkelte andre endringar.

Fylkesrådmannen har her i sakframlegget ikkje presentert og kome med merknader til dei lovtekniske endringane og alle detaljane i høyringsnotata, men vald å fokusera på det han ser på som hovudpunkta i forslaga til nytt parkeringsregelverk.

Om utkast til «Forskrift om forslag til forskrift om vilkårsparkering for allmennheten og håndheving av private parkeringsreguleringer.»

Forskrifta finn ein i høyringsnotat 2 punkt 34 s. 226

Formål (§1)

Formålet med reglane er å sikra ryddige forhold i parkeringsbransjen og å styrke rettane til forbrukarane. Parkeringstilbodet skal vera føreseieleg, balansert og forbrukarvenleg. Parkeringstilbodet skal vera universelt utforma og mest mogleg likt uavhengig av kven som er tilbydar. Reglane skal sikra god kvalitet på parkeringsverksemda, likare konkurranseforhold mellom tilbydarane og leggja tilrette for offentleg kontroll av verksemda.

Verkeområde (§3)

Departementet foreslår eit sams parkeringsregelverk for privat og offentleg parkeringsverksemd, noko som inneber at parkering mot betaling med tidsavgrensing eller på andre vilkår (vilkårsparkering) må skje innanfor rammene av dette regelverket. Det er også lagt opp til at regelverket skal gjelda utanfor offentleg veg (t.d. på grasplentar), om vilkårsparkering vert nytta på slike stadar. Det same gjeld i høve til tilfeldige motorvognførarar på område som ikkje er opne for allmenta, dvs. område som er fysisk avstengte med bom o.l. og område som er avstengte med skilt. I notat 2 punkt 4 s. 26 er avgrensinga av verkeområdet drøfta nærmare i høve til vilkårsparkering som ikkje er open for allmenta og mot parkering som ikkje er vilkårsparkering.

Einerettsområdet (§7)

Kommunane har område (gategrunn/langs veg) der dei har einerett på å tilby avgiftsparkering. Dette er parkeringsområde som er viktige i høve til framkome og trafikkstyring og er nært knytt til handhevinga av parkering - og stansforbodet (dei såkalla «gebyrtiffella»). Det er foreslått å oppretthalda «einerettsområdet». I høyringsnotat 2 punkt 5 s. 39 vert det drøfta aktuelle avgrensingar av «einerettsområdet» ut frå føremålet om trafikkstyring. I ei ny sams parkeringsregulering vil krava til utøving både innanfor og utanfor einerettsområdet i stor grad vera dei same. Det er såleis omsynet til trafikkstyring og det å sikra tryggleik og framkome langs vegen (ikkje forbrukaromsyna) som er den sentrale grunngevinga for å oppretthalda einerettsområdet, og dermed er førande for korleis dette området bør avgrensast.

Det er lagt opp til at berre ferdssårar langs veg bør omfattast av einerettsområdet, og ikkje tilliggjande parkeringshus og parkeringsplassar. Slike parkeringsområde kan heller regulerast gjennom planprosessar. Det er foreslått at området bør omfatta offentleg veg, uavhengig av om det er sett opp skilt eller ikkje. Einerettsområdet bør ikkje omfatta ferdssårar langs privat veg og parkeringsplassar som er etablert rett innanfor fortau/gang- sykkelveg og kor vegbana ikkje vert nytta til manøvreringsareal. I forskrifta vert omgrepet «integreert del av ferdssåre langs veg», foreslått nytta om avgrensinga av einerettsområdet.

Høyringsforslaget legg opp til at kommunane får større fridom til å kunna samarbeida om parkeringsoppgåver med andre kommunar, også innan myndeområdet (gebyrhandheving).

Krav til verksemdene (§5)

I punkt 7 og 9 i høyringsnotat 2 er det fremja forslag om felles krav til dei verksemdene som vil tilby vilkårsparkering til allmenta. Forslaga er i stor grad basert på tilsvarande regulering av vaktverksemd. Det er mellom anna foreslått at berre foretak, enkeltpersonforetak og forvaltningsorgan skal få driva vilkårsparkering.

Krav til personar (§8 og §9)

For å sikra kvaliteten på handhevinga er det foreslått minimumskrav til personell som skal handheve reglane (jfr. punkt 8 s. 53 i høyringsnotat 2). Krava tek utgangspunkt i krava for vaktverksemd generelt, men er tilpassa parkeringshandheving.

Skilting av parkering (§16, §20, §23, §26)

For å sikra lik kommunikasjon til publikum, vert det foreslått at skilt 552 (blått parkeringsskilt med kvit P) skal kunna nyttast på alle område kor allmenta vert tilbydd vilkårsparkering. Underskilt må nyttast i samsvar med skilteforskrifta (jfr. punkt 11 s. 79 i høyringsnotat 2). På område, der det ikkje vert tilbydd vilkårsparkering til allmenta, men kor handhevinga likevel vert omfatta av reglane, skal det nyttast private skilt.

Meldeplikt for verksemdar (§4)

Det har vore vurdert om verksemdene bør godkjennast før oppstart. Men ei slik godkjenningssordning kan vera i strid med EU sitt tenestedirektiv. I staden er det foreslått ei ordning med meldeplikt. Før oppstart må verksemda senda melding på fastsett eigenerklærings skjema til regionvegkontoret der verksemda skal etablerast (jfr. punkt 8 s. 64 i høyringsnotat 2).

Tilsyn (§19)

Statens vegvesen er foreslått som tilsynsmyndig. Statens vegvesen v/regionvegkontora får adgang til å gje pålegg om retting, tvangsmulkt og avskilting av parkeringsområde (jfr. punkt 9 s. 73 i høyringsnotat 2).

Parkeringsgebyr/kontrollavgift (§36)

Storleiken på kontrollavgifta skal opplevast meir rimeleg og stå i forhold til overtredinga. Det er foreslått tre satsar for sanksjonar: Låg sats kr. 300 (for ikkje å trekka parkeringsbillett ved gratis parkering eller å feilparkera på kunde- og gjesteparkering), normal sats kr. 600 (for brot på vilkåra for parkering) og høg sats kr. 900 (for bruk av reservert plass for rørslehemma). Det kan ileggas kontrollsanksjon tidlegast fem minuttar etter at motorvogna er stilt på plass eller tilsvarande etter at parkeringstida er utløpt. (jfr. punkt 12 s. 82 i høyringsnotat 2).

Sjå også utkast til forskrift om parkeringsgebyr s.249

Betalingsfritak for el- bilar og hydrogendrevne bilar, ladepunkt (§34, §35)

Dagens ordning med betalingsfritak for el- og hydrogenbilar på avgiftsbelagte kommunale parkeringsplassar vert vidareført. Det er ikkje foreslått å innføra slikt betalingsfritak på private parkeringsplassar. Det er også foreslått ei generell plikt om å tilby eit tilstrekkeleg tal ladepunkt for elbilar, inntil 6 % av plassane. Regionvegkontoret kan gjera unntak frå dette om investerings- eller driftskostnadane blir urimeleg høge. Det er lagt til grunn at det skal kunna takast betalt for straumen som vert nytta.

Brukarvenleg betaling (§31)

I punkt 17 s. 116 i høyringsnotat 2 er det gjort greie for forslag om krav til brukarvenlege betalingsløysingar, inkludert å fjerna kravet til å betala på forskott hos kommunale tilbydarar. Kravet om at betaling må skje på førehand er lite brukarvenleg. Det er foreslått å innføra eit generelt krav om å tilby både for- og etterskottsbetaling - med enkelte unntak.

Rørslehemma (§33, §38, §§61 - 64)

Dagens ordning med betalingsfritak for rørslehemma på avgiftsbelagte kommunale parkeringsplassar blir vidareført. Det er ikkje foreslått å innføra slikt betalingsfritak på private parkeringsplassar (jfr. punkt 16 s. 115 i høyringsnotat 2).

Det skal avsetjast tilstrekkeleg med plassar tilrettelagt for rørslehemma med parkeringstillatelse. På større område kan det ikkje krevjast reservert meir enn fire prosent av plassane til rørslehemma. På mindre område kan inntil to plassar krevjast reservert til rørslehemma.

For å redusera misbruk av parkeringsløyve for rørslehemma, vert det foreslått strengare krav til utforming av parkeringskortet og oppretting av eit sentralt register over løyve. Statens vegvesen er foreslått som registeransvarleg. Registeret skal finansierast av bransjen. Sjå også utkast til «*Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede*» i høyringsnotat 2 s. 246.

Det er foreslått utvida fjerningsadgang på plasser reservert for rørslehemma jfr. utkastet til § 38 fjerde ledd s.237). Motorvogn parkert i strid med vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve kan fjernast like etter at førar/eigar av motorvogna er forsøkt varsla og ved kontakt gjeve rimeleg frist for sjølv å fjerna motorvogna.

Klageordning (§§ 45- 60)

Det er gjort greie for forslag om ei klageordning og nærmare regulering av adgangen til å klaga til parkeringsverksemda. Vidare er det foreslått ein generell klagerett til ei uavhengig parkeringsklagenemd, som også vil kunna koma med rettskraftige dommar (jfr. punkt 23 s. 142 i høyringsnotat 2). Ein slik ny klagerett etter §§45-60 er ny for offentlege aktørar og for private aktørar, som ikkje er tilknytt dagens parkeringsklagenemd. For private selskap som i dag er tilknytt parkeringsklagenemnda, vil det i stor grad innebera ei vidareføring, med nokre mindre justeringar.

Snudd billett, ikkje synleg billett, områdingstid og utløpt billett (§36)

Det er ønskeleg å ha mest mogleg klare og føreseielege rammevilkår for kva som er lovleg og ikkje lovleg for dermed å minimera dei konfliktsituasjonane som kan oppstå. Om billetten ligg opp ned skal kontrollavgifta fråfallas om førar/eigar i ettertid kan dokumentera med gyldig billett at det faktisk vart betalt for gjeldande periode på det aktuelle parkeringsområdet, om billettnummeret er identisk med det billettnummeret kontrolløren har notert på kontrollavgiftsblanketten. Dette gjeld likevel ikkje i tilfelle kor føraren gjentatte gonger har blitt ilagt kontrollavgift av parkeringsselskapet på grunn av manglande dokumentasjon.

Om billetten ikkje er synleg men kan visast i ettertid, fell sanksjonen vekk om bilføraren kan dokumentera at parkeringa er betalt av vedkomande i det aktuelle tidsrommet.

Parkeringskundar vil få ein frist på fem minuttar til å områ seg/angrefrist før betaling og fem minuttar til å betala i etterkant av at billetten er utløpt. I dagens regelverk er det ikkje gjeve slike fristar (sjå punkt 26 s. 175 i høyringsnotat 2).

Fjerning av køyretøy (§38)

I forslaget er det sett krav til fjerning av køyretøy. Det er berre i tilfelle der ein bil er ulovleg parkert og er til hinder, at det kan verta aktuelt å fjerne bilen. I slike tilfelle skal eigaren først varslast slik at han eller ho får høve til å flytta bilen. Om parkeringsselskapet ikkje lukkast i å kontakte eigaren, kan det bli naudsynt å fjerna bilen (sjå punkt 14 s. 96 i høyringsnotat 2).

Spesielle problemstillingar som det vert bedt om høyringsinstansane sitt syn på

I høyringsnotat 2 er det drøfta nokre problemstillingar kor det vert bedt om synspunkt frå høyringsinstansane:

I høyringsnotatet er ein negativ i høve til:

- ✓ Å nytta underskilt med forskjellig farge avhengig av korvidt parkeringa vert tilbydd utanfor eller innanfor "enerettsområdet"? (sjå s. 70)
- ✓ At offentlege parkeringskontrollørar av vilkårsparkering framleis skal ha eit eige strafferettsleg vern som «offentleg tenestemann», noko som private parkeringsvakter ikkje har (s.192)
- ✓ Å krevja fagbrev for parkeringsvakter (s.56)

- ✓ Å skilte boligsoner, reservert busette, med offentlig trafikkskilt (s.79)
- ✓ At det er behov for å forskriftsfesta yrkeskvalifikasjonar for parkeringsvakter frå andre EØS land. Det vert lagt opp til berre å visa til «Forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar fra annen EØS-stat på vegtrafikklovens område» (s.61)

I høringsnotatet er ein positiv i høve til:

- ✓ At plikta til å retta seg etter nye reguleringar seinast 24 timar etter at nye skilt er sett opp, gjeld berre for vilkårsparkering på ferdselsåre som er på ein integrert del av ferdselsåre langs offentlig veg (s. 82).
- ✓ Å nytta omgrepet "parkeringskontrolltjeneste" i staden for omgrepet «offentlig parkeringskontroll», då det er foreslått at kommunen kan ha fleksibilitet til å kunna overlate handhevinga av vilkårsparkering på ferdselsåre som er på ein integrert del av ferdselsåre langs offentlig veg til private.
- ✓ At fjerning for brot på anna enn vilkårsparkering skal kunna klagast inn for Parkeringsklagenemnda. Kostnadane for aktørane og dei administrative utfordringane er nok ikkje større enn at det bør kunna akseptast(s. 104).

Elles vert det i høringsnotat 2 bedt om synspunkt på kva prisindeks som gebyra skal regulerast etter (s. 90), om bruken av omgrepet gebyr (s.91) om beteningshøgde på betalingsautomatar (s.110), om kontantautomatar skal tilby veksling (s.125), skilting av betalingsfritak for rørslehemma (s.116), parkeringslette for institusjonar (s.216), kort for rørslehemma (s.209, s.215) og gebyrhandtering (s.117).

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkeskommunen er ikkje parkeringsstyresmakt eller bransjeaktør og har difor avgrensa merknadane til å gjelda nokre utvalde sentrale område frå det omfattande høringsnotatet.

Fylkesrådmannen er positiv til at det no er fremma eit forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.

Fylkesrådmannen er spesielt nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra jfr. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringssløyve. Det er viktig å sikra tilgjenge for alle. Rørslehemma kan i mindre grad enn mange andre nytta kollektive transportmiddel.

Det er også bra at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.

Fossilbilar utgjer framleis over 98 % av bilparken i Hordaland. I «Klimaplan for Hordaland» er det eit mål at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Fylkesrådmannen meiner at betalingsfritak for el - og hydrogenbilar på parkeringsplassar med kommunal avgift er eit positivt incitament, som framleis er naudsynt for å stimulera til auka bruk av el - og hydrogenbilar. Fylkesrådmannen er difor samd med forslaget om å føre vidare dagens betalingsfritak på avgiftsbelagte kommunale parkeringsplassar og kravet om å tilby ladepunkt for straum for elbiler og for plug-in hybridbilar